Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 04.03.2024

Vår ref: 2023/8032

Dykkar dato: «RefDato»

Dykkar ref: «Ref»

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tom Dybwad, 5764 3123

«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

# Hestad landskapsvernområde - høyring av framlegg til forvaltningsplan

Statsforvaltaren sender med dette eit framlegg til forvaltningsplan for Hestad landskapsvernområde på høyring. Oppstartmelding for arbeidet med forvaltningsplan vart sendt 13.06.2023.

Hestad landskapsvernområde vart oppretta ved kgl.res. 22.10.1971. Statsforvaltaren i Vestland er forvaltningsstyresmakt for landskapsvernområdet.

**Kva er ein forvaltningsplan?**
Ein forvaltningsplan skal vere eit hjelpemiddel for å oppretthalde verneformålet og for å fremje verneverdiane. Forvaltningsplanar blir utarbeidde innanfor rammene i verneforskrift. Dei skal også fungere som rettleiar for forvaltningsstyresmaktene. Ein forvaltingsplan er ikkje eit juridisk bindande dokument, men skal avklare handtering av verne- og brukarinteresser i området på bakgrunn av verneforskrifta som gjeld i områda. Verneforskrift og grenser er såleis ikkje tema ved utarbeiding av forvaltningsplanar. Føremålet med oppretting av Hestad landskapsvernområde er omtalt slik i verneforskrifta:
*«Føremålet er å verna det særmerkte i eit vakkert naturlandskap som ramme om eit kulturminne.»*

Statsforvaltaren legg vekt på at prosessen med forvaltningsplan for landskapsvernområdet skal vere ein open og med høve til å kome med fråsegn for alle som ønskjer det. Det kan vere aktuelt å arrangere eit ope møte under høyringa av framlegget til forvaltningsplan.

**Hestad landskapsvernområde**
Det er store allmenne interesser knytt til landskapsvernområdet, samstundes som det er store naturverdiar i området. Spesielt for Hestad landskapsvernområdet er Hestad kapell og kyrkjegarden som er eit automatisk freda kulturminne, Fv 610 gjennom landskapsvernområdet, ein rasteplass i regi av Nasjonal Turistveg, og mykje bruk av området særleg om sommaren på varme sommardagar med badeliv. Rett ved landskapsvernområdet i nord ligg Hestadgrend bedehus.

Kunnskapsgrunnlaget i landskapsvernområdet er godt når det gjeld naturmangfaldet, etter at Miljøfaglig Utredning gjennomførde ei artskartlegging i 2023 (rapport vedlagt forvaltingsplanen). Kunnskapen er også akseptabel med omsyn til bruk og skjøtsel i landskapsvernområdet.

**Verneforskrift**
Verneforskrifta for Hestad landskapsvernområde er frå 1971. Nytt sidan opprettinga i 1971 er naturmangfaldlova frå 2009, med ein generell dispensasjonsheimel, § 48 i naturmangfaldlova. Denne gjeld også for Hestad landskapsvernområde, og gjev etter vårt syn både tilstrekkeleg vern og naudsynt fleksibilitet for å få til ei god forvaltning av Hestad landskapsvernområde, saman med verneforskrifta frå 1971. Sjå vedlegg med verneforskrifta for Hestad landskapsvernområde og § 48 i naturmangfaldlova.

**Eigartilhøve**
Eigartilhøva i landskapsvernområdet er som følgjar etter at Staten kjøpte den private grunnen i Hestad landskapsvernområde i 1983:

- 150/10 (grunnen med Hestad kapell og kyrkjegarden): Fortidsminneforeningen
- 104/6 (Fv 610): Sogn og Fjordane fylkeskommune (i databasen står det at eigar sin kontaktinstans er Statens vegvesen region vest, 6863 Leikanger)
- 150/20 (Statens vegvesen, Fv 5674, liten vegskulder)
- 150/18 (all grunn i landskapsvernområdet utanom Fv 610 (104/6) og Hestad kapell med kyrkjegarden 150/10), to teigar vest og aust for Fv 610: Staten v/ Klima- og miljøverndepartementet.

**Grensene for landskapsvernområdet**
Statsforvaltaren sendte 12.02.2024 på høyring eit framlegg til justerte grenser for Hestad landskapsvernområde, med frist 1.04.2024 for å kome med fråsegn. Framlegget til grenser inneber at Hestadgrend bedehus vert liggjande utanfor landskapsvernområdet.

Framlegget til forvaltningsplan byggjer på grensene som er sendt på høyring 12.02.2024, og eit kart med framlegget ligg som vedlegg til forvaltningsplanen.

**Innspel til oppstartmeldinga om utarbeiding av forvaltningsplan (sjå vedlegg)**
Det kom seks innspel til oppstartmeldinga: Sunnfjord kommune, Vestland fylkeskommune kulturavdelinga, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Fortidsminneforeningen, Fortidsminneforeningen Fjordane Lokallag, og frå tilsyns- og driftsansvarleg for Hestad kapell. Innspela har gjeve meir kunnskap om Hestad kapell og landskapsvernområdet. Innspela er innarbeidde i framlegget til forvaltningsplan så langt det har late seg gjere i medhald av verneforskrifta. Alle

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) gjer merksame på at landskapsvernområdet ligg i aktsemdområdet for flaum, i Gaularvassdraget som er eit verna vassdrag, og at det går ein 22 kV kraftleidning gjennom området. Dette må takast omsyn til i arbeidet med forvaltningsplanen. *Statsforvaltaren* vil ta desse innspela med seg i det vidare arbeidet.

Vestland fylkeskommune tek opp at Hestad kapell er eit automatisk freda kulturminne. Det står ein bautastein på kyrkjegarden som og er automatisk freda kulturminne. Det er ikkje gjort terrengendringar på kyrkjegarden som er freda. Det er viktig at det vert drive kulturlandskapskjøtsel innanfor og utanfor kyrkjegardsmuren, og det er viktig å halde oppslag av lauvtre i sjakk slik at kyrkja har siktlinjene til vatnet. Det vil vere fint om ein skjøtselsplan er del av forvaltningsplanen, og at det vert sagt noko om ansvarsfordeling. Fylkeskommunen vil gjerne delta på dialogmøte saman med Fortidsminneforeningen som er eigar av Hestad kapell.

*Statsforvaltaren* er glad for å bli gjort merksam på den automatisk freda bautasteinen på kyrkjegarden. Skjøtsel vil vere viktig å ta vare på landskapsvernområdet, og er innarbeidd i forvaltningsplanen, med ansvarsdeling. Vi forstår at siktlinjene til vatnet frå kapellet er viktig. Vi tek sikte på å halde eit dialogmøte.

Sunnfjord kommune kjem med administrative innspel til forvaltningsplanen. Kommunen ønskjer at besøksstrategi vert ein del av forvaltningsplanen fordi det nasjonalturistveg går gjennom området, det er etablert ein rasteplass av som ein del av den nasjonale turistvegen, det er arrangement i kapellet og det er store utfordringar med parkering, særleg om sommaren. Kommunen peikar på at det går ei kraftlinje gjennom området. Linja gjev auka brannfare, samstundes som ein skal ta vare på tre og vegetasjon. Kommunen ønskjer føringar for å leggje om frå luftlinjer til jordkabel, ved oppgradering eller behov for nye linjer i området. Området vert mykje brukt til friluftsliv og er ein mykje brukt badeplass om sommaren. Delar av området er statleg sikra friluftsområde. Det kan vere ønskjeleg å etablere enkle tilretteleggingstiltak for friluftsliv som t.d. kajakkstativ og liknande, og om slike enkle tiltak kjem innunder § II a i verneforskrifta eller om nokon typar friluftstiltak kan etablerast innan landskapsvernområdet.
*Statsforvaltaren* vil innarbeide ein enkel besøksstrategi i tilknyting til forvaltningsplanen, ut frå at det er store utfordringar med mykje besøk av turistar og lokalt, særleg om sommaren. Kraftlinja gjennom området utgjer ein brannfare, og bør leggjast i kabel dersom det byr seg eit høve. Vi er klar over at området er eit mykje brukt friluftsområde, der austsida mot Viksdalsvatnet er statleg sikra friluftsområde. Etter vårt syn er det ikkje heimel for å gi løyve til friluftstiltak som oppsetting av kajakkstativ eller liknande etter pkt. II a i verneforskrifta. Ein eventuell søknad må handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova og såleis ikkje stride mot formålet, noko det truleg vil gjere.

Fortidsminneforeningen sluttar seg til innspel frå tilsynshavar og driftsansvarleg for Hestad kapell, Åshild Kjelstad Seljesæter. Dei peikar og på at Riksantikvaren er rette kulturminnemyndigheit for Hestad kapell. Dei peikar også på at Fortidsminneforeningen eig grunnen med Hestad kapell og kyrkjegarden, ikkje Sunnfjord kommune.
*Statsforvaltaren* viser til kommentarar under.

Åshild Kjelstad Seljesæter (tilsynshavar og driftsansvarleg for Hestad kapell) peikar på at opprettinga av Hestad kapell i 1971 har gjort området kring kyrkja attraktivt og mindre utsett for skjemmande inngrep. Det har vore stor auke i bruken av både Hestad kapell og resten av området sidan 1971. Hestad kapell blitt eit viktig element i reiselivssatsinga og verdiskapinga. Trafikken på Fv 610 har auk sidan vegen vart Nasjonal Turistveg Gaularfjellet med oppretting av deira rasteplass i 2021. Utforminga er i harmoni med Hestad kapell, har gjeve området eit stort løft og vert mykje brukt både til arrangement og at badeplassen her vert enno meir brukt med stor aktivitet sommarstid. Det som er mest urovekkande og til hinder for god forvaltning av området er at fartsgrensa på FV 610, 7 meter frå Hestad kapell, er på 80 km/t. Dette gjev trafikkfarlege situasjonar med born og vaksne i vegbana. Det er viktig å få nedsett fartsgrensa til 50 km/t. Stell og vedlikehald av landskapsvernområdet er viktig, og det gode kontakten med Statsforvaltar, Fortidsminneforeningen og Hestadgrend grendelag må halde fram. Det bør setjast av ressursar årleg til stell og vedlikehald av heile området.-Det er viktig å påpeike av ytre påverknad, som vil få sterk visuell innverknad på og redusere opplevingsverdien av Hestad kapell med kultur- og naturmiljø bør hindrast.
*Statsforvaltaren* merkar seg bruken av kapellet og landskapsvernområdet, og trafikken på Fv 610, har auka mykje sidan opprettinga av landskapsvernområdet og enno meir etter at Fv 610 vart Nasjonal Turistveg med rasteplass. Nedsett fartsgrense frå dagens 80 km/t er difor sterkt ønskjeleg. Vi er innstilte på å ha ressursar til skjøtsel av landskapsvernområdet og halde fram med samarbeidet lokalt. Vi vil vere merksame på visuell påverknad frå tiltak utanfor landskapsvernområdet, sjølv om dette er kommunen sitt ansvar etter plan- og bygningslova.

Fjordane lokallag av Fortidsminneforeningen tek opp at dei har fleire arrangement i kapellet og driv bygningsdokumentasjon av kapellet og kyrkjegarden. Dei ønskjer ein ny metallport i sør, og ønskjer å sjå om det er mogleg å sette opp enkel lyssetnad av kapellet, kyrkjegarden og gangstiar til kapellet. Lokallaget ønskjer også fleire enkle skilt for å formidle historia til kapellet.
*Statsforvaltaren* har ikkje meining om ein ny metallport i sør fordi det truleg ikkje kjem innunder verneforskrifta for landskapsvernområdet. Vi meiner enkel lyssetting av kapellet og langs gangvegar vil vere eit framandelement i landskapsvernområdet og difor i strid med verneformålet.

**Vidare framdrift**
Etter høyringa vil fråsegner til framlegget til forvaltningsplan bli innarbeidd så langt det let seg gjere i medhald av verneforskrifta, og forvaltningsplanen vil då vonleg kunne vere ferdig godkjend før sommaren 2024.

**Vi ber om fråsegner til forvaltningsplanen innan 01.05.2024.**

Fråsegner skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland, sfvlpost@statsforvalteren.no. For meir informasjon kontakt prosjektmedarbeidar Tom Dybwad (tlf. 57 64 31 23, e-postadresse tom.dybwad@statsforvalteren.no).

Med helsing

| | |
|---|---|
| Eline Orheim<br>seksjonsleiar | Tom Dybwad<br>prosjektmedarbeidar |

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

3 Hestad landskapsvernområde - høyring av framlegg til forvaltningsplan med vedlegg

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Miljødirektoratet | Postboks 5672 Torgarden | 7485 | TRONDHEIM |

Mottakerliste:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sunnfjord kommune | Postboks 338 | 6802 | FØRDE |
| Gunnar Hestad | Viksdalsvegen 884 | 6973 | SANDE I SUNNFJORD |
| Hestadgrend grendalag v/ Ingunn Kjelstad | | 6973 | SANDE I SUNNFJORD |
| Fortidsminneforeningen v/Åshild Seljesæter | | 6973 | OSLO |
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Klima- og miljødepartementet | Postboks 8013 Dep | 0030 | OSLO |
| Hestadgrend Bedehus v/Joar Årnes | Hestadfjordvegen 435 | 6973 | SANDE I SUNNFJORD |
| Per Kjelstad | Viksdalsvegen 690 | 6973 | SANDE I SUNNFJORD |
| SUNNFJORD BONDE- OG SMÅBRUKARLAG | c/o Karen Hornnes Hornnesvegen 113 | 6809 | FØRDE |
| Sunnfjord jeger- og sportsfiskarlag v/ Thomas Grepstad | | | |
| VISIT DALSFJORD AS | Trossevegen 5 | 6963 | DALE I SUNNFJORD |
| INDRE SUNNFJORD TURLAG | Postboks 488 | 6801 | FØRDE |
| Gaular Bondelag v/ Margun Øren | | | |
| VESTLAND FYLKESKOMMUNE FYLKESRÅDMANN | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG | Askedalen 4 | 6863 | LEIKANGER |
| VESTLAND FYLKESKOMMUNE KULTUR IDRETT OG INKLUDERING | Postboks 173 | 6801 | FØRDE |
| SOGN OG FJORDANE BONDE- OG SMÅBRUKARLAG | c/o Karen Hornnes Hornnesvegen 113 | 6809 | FØRDE |
| DNT SOGN OG FJORDANE AVDELING FØRDE | Langebruvegen 9 | 6800 | FØRDE |
| FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV SOGN OG FJORDANE | Hafstadvegen 34 | 6800 | FØRDE |
| NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE | Postboks 691 | 6801 | FØRDE |
| NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE | Hafstadvegen 34 | 6800 | FØRDE |
| SFE PRODUKSJON AS HOVEDKONTOR | c/o Sogn og Fjordane Energi AS Sørstrandsvegen 227 | 6823 | SANDANE |

| | | | |
|---|---|---|---|
| UNIVERSITETET I BERGEN UNIVERSITETSMUSÉET I BERGEN | Muséplassen 1 | 5020 | BERGEN |
| UNIVERSITETET I BERGEN DET MATEMATISK-NATURVITENSK FAK | Postboks 7803 | 5020 | BERGEN |
| Vestland Bondelag | | | |
| FJORDANE LOKALLAG AV FORTIDSMINNEFORENINGA SOGN OG FJORDANE | Øyragata 9 | 6887 | LÆRDAL |
| NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION VEST ANLEGG | Naustdalsvegen 1B | 6800 | FØRDE |
| NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) | Postboks 5091 Majorstua | 0301 | OSLO |
| AVINOR AS | Postboks 150 | 2061 | GARDERMOEN |
| NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND AVD SOGN OG FJORDANE | Stardalen 700 | 6843 | SKEI I JØLSTER |
| NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND AVD HOVEDKONTOR | Postboks 94 | 1378 | NESBRU |
| Norsk institutt for naturforsking | | | |
| NORGES NATURVERNFORBUND | Mariboes gate 8 | 0183 | OSLO |
| NORSK ORNITOLOGISK FORENING AVDELING SOGN OG FJORDANE | v/Nils Christian Bjørgo Sandvik Gard | 6926 | KRAKHELLA |
| LUFTFARTSTILSYNET | Postboks 243 | 8001 | BODØ |
| STIFTELSEN WWF VERDENS NATURFOND | Postboks 6784 St Olavs Plass | 0130 | OSLO |
| FORTIDSMINNEFORENINGEN | Dronningens gate 11 | 0152 | OSLO |
| Statens naturoppsyn v/ Liv Byrkjeland | | | |
| Riksantikvaren | Postboks 1483 Vika | 0116 | OSLO |

**Hestad landskapsvernområde**

# Forskrift om opprettelse av landskapsvernområde, Gaular kommune, Sogn og Fjordane.

| | |
|---|---|
| **Dato** | FOR-1971-10-22-4 |
| **Publisert** | I 1971 s 1392, II 1971 s 979 |
| **Ikrafttredelse** | 22.10.1971 |
| **Gjelder for** | Gaular kommune, Sogn og Fjordane |
| **Hjemmel** | LOV-1970-06-19-63-§8, jfr. § 5 jf LOV-2009-06-19-100-§77 |
| **Korttittel** | Forskrift om landskapsvernområde, Gaular |

## Kapitteloversikt:


- I.
- II.
- III.
- I.
- II


Fastsatt ved kgl.res. 22. oktober 1971.

I.

I medhold av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 5 vert eit område på om lag 20 da kring Hestad kapell, gnr, 50, bnr. 3, eigar Nordvald Hestad, i Gaular kommune, Sogn og Fjordane fylke, lagt ut som landskapsvernområde i samsvar med føresegner i eit framlegg som ligg ved.

II.

Den myndighet Kongen har etter § 21 om merking av fredningar m.v. og etter § 23 til å gjere unntak frå fredningsføresegnene, vert ført over til departementet.

III.

Dette vedtaket trer i kraft straks.

Framlegget lyder:

I.

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 § 5 er ved kgl.res.av 22. oktober 1971 fastsett at landtunga med Hestad kapell, gnr. 50, bnr. 3 i Gaular kommune, Sogn og Fjordane fylke skal vera landskapsvernområde i samsvar med føresegner som nedafor nemde. Det verna området som er om lag 20 da, er i nord avgrensa av vegkrossen med fylkesveg, i aust av Viksdalsvatnet, i syd av brua og i vest av Hestadfjorden. Føremålet er å verna det særmerkte i eit vakkert naturlandskap som ramme om eit kulturminne.

Skipinga av landskapsvernområdet grip ikkje inn i eigartilhøve eller eigarrettar utover det som følgjer av føresegnene.

II

For landskapsvernområdet gjeld desse føresegnene:

a. Hus eller andre byggverk eller anlegg må ikkje førast opp, med unnatak av eit långt båtnaust for eigeren etter nærare godkjenning av utvalet.

b. Nye vegar eller luftledningar må ikkje førast gjennom området eller over vatnet i ein fråstand av 200 m . Nåverande veg og kraftline må ikkje utvidast.

c. Graving etter grus, unnateke i rimeleg omfang til eige bruk, eller andre inngrep i terrenget utom sjølve kyrkjegarden er forbode.

d. Tre- og buskevegetasjon skal stellast med vekt på å verne stadeigne artar og særmerkte tre.

e. Dersom omsynet til natur- og kulturmiljøet gjer det naudsynt, kan parkering av bilar og campingvogner, teltslåing og anna aktivitet som valdar larm og uro verta forbode i heile området eller deler av det.

f. For kapellet med kyrkjegarden svarar som før foreningen til Norske Fortidsminnes-merkers Bevaring og det kommunale organ.

g. Til å følgja utviklinga i landskapsvernområdet, koma med framlegg til tiltak og gi fråsegn om spørsmål som vedkjem vernet av området og ta avgjerd i saker etter a og e, vert oppnemnt eit utval med eigaren og ein representant for naturvernadministrasjonen, ein for fortidsminneforeininga og ein for kommunen. Representantane skal ha personlege varamedlem.

**Naturmangfaldlova § 48**

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretakelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.




KOMM. DEP. TET.
001151 F 24.JUNI 69

x 371 000

KOMM. DEP. TET.
F 22.OKT.69

AM 078-4

500

# NiN Basiskartlegging av Hestad LVO i Sunnfjord 2023



Miljøfaglig Utredning

Rapport MU2024-5

*Rapportnavn:* NiN Basiskartlegging av Hestad LVO i Indre Sunnfjord i 2023
*Leverandørfirma:* Miljøfaglig Utredning AS

*Forsidebilde*

*Den gamle kirkegården på tangen på Hestad utgjør et sentralt landskapselement i dette verneområdet. Foto: Geir Gaarder*

# RAPPORT 2024-5

| | |
|---|---|
| **Utførende institusjon:**<br>Miljøfaglig Utredning AS | **Prosjektansvarlig:**<br>Geir Gaarder<br>**Prosjektmedarbeider(e):**<br>- |
| **Oppdragsgiver:**<br>Statsforvalteren i Vestland | **Kontaktperson hos oppdragsgiver:**<br>Tom Dybwad |

**Referanse:**
Gaarder, G. 2024. NiN Basiskartlegging av Hestad landskapsvernområde i Sunnfjord 2023. Miljøfaglig Utredning, rapport 2024-5. 14 s. + vedlegg. ISBN 978-82-354-0525-6

**Referat:**
I begynnelsen av juni 2023 ble det gjennomført heldekkende naturtypekartlegging basert på metodikken i NiN versjon 2.3 i Hestad landskapsvernområde, Sunnfjord kommune i Vestland fylke. Verneområdet er på ca. 21 dekar.

Det ble funnet grunnlag for å skille ut 7 polygon med ulike typer natur her etter Natur i Norge (NiN) sin metodikk. Disse var intermediær våteng (3,2 daa), hard sterkt endret fastmark (4,1 daa), løs sterkt endret fastmark (3,6 daa), blåbærskog (4,1 daa), strandsumpskogsmark (3,1 daa), eng-liknende sterkt endret fastmark (1,4 daa) og sanddynemark (0,5 daa). Det var enkelte metodiske utfordringer knyttet til korrekt naturtypeplassering. Særlig sanddynemark passer dårlig for aktuell polygon, der fravær av relevante typer for ferskvannssandstrender i systemet er årsaken.

Det ble påvist enkelte rødlistede fuglearter, men uten hekkeindikasjoner. I tillegg ble et par fremmedarter funnet, på og inntil kirkegården.

Hovedleveransen fra prosjektet er kartfestingen av naturtypeområdene med tilhørende beskrivelsesinformasjon. Dette omfatter naturtype, artssammensetning, underordnete lokale komplekse miljøvariabler (uLKM) og utvalgte beskrivelsesvariabler. Disse er lagt inn i felt på egen kart- og databaseapplikasjon på iPad og eksportert direkte til server hos Miljødirektoratet etter en viss bearbeiding og kontroll i direktoratets webløsning. Dataene blir publisert I Artskart og Naturbase. En detaljert analyse av disse dataene inngår ikke i denne rapporten.

# Forord

Miljøfaglig Utredning AS har gjennomført naturtypekartlegging etter NiN versjon 2.3 i Hestad landskapsvernområde, Sunnfjord kommune i Vestland fylke. Kartleggingen er utført på oppdrag fra Statsforvalteren i Vestland og er en del av en nasjonal satsing på arealdekkende kartlegging etter NiN-metoden. Formålet har vært å styrke kunnskapsgrunnlaget i norske verneområder.

Kontaktperson hos oppdragsgiver har vært Tom Dybwad, som takkes for kommentarer til rapporten og informasjon om arbeidet med forvaltningsplan. Prosjektansvarlig for Miljøfaglig Utredning AS har vært Geir Gaarder, som også har gjennomført feltarbeidet.

Kartleggingsdata er ved hjelp av en tilrettelagt databaseapplikasjon levert direkte inn på dataserver via en egen godkjenningsprosess hos oppdragsgiver. Denne sluttrapporten gir en oversikt over kartlagt verneområde og drøfter aktuelle problemstillinger.

*Tingvoll, 05.02.2024*

*Miljøfaglig Utredning AS*

# INNHOLD

FORORD....4
INNHOLD....5
1 INNLEDNING....6
2 METODE....7
2.1 KUNNSKAPSGRUNNLAG OG FORARBEID....7
2.2 GJENNOMFØRING AV FELTARBEID....7
2.3 KARTLEGGINGSVERKTØY....7
3 RESULTATER....8
3.1 FORVALTNINGSUTFORDRINGER....8
3.2 NATURFAGLIGE OBSERVASJONER....9
3.3 PRAKTISKE UTFORDRINGER I FELT....11
3.4 USIKKERHET OG ALTERNATIVE VALG....11
4 KILDER....14
VEDLEGG: ARTSLISTE....15

# 1 INNLEDNING

Naturmangfoldloven (2009) har som formål å sikre at det biologiske mangfoldet blir tatt vare på gjennom bærekraftig bruk og vern. Loven inneholder flere viktige prinsipper, blant annet at "*Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet*" (§8). Denne loven og kravene den stiller til kunnskapsgrunnlaget, har økt behovet for gode data på naturmangfold på alle forvaltningsnivå.

Målsettingene skal gjelde for all naturforvaltning, men miljøvernmyndighetene har et spesielt ansvar for å oppfylle målene i områder som er vernet etter naturmangfoldloven. Grunnleggende naturkartlegging er viktig i arbeidet med å få oversikt over forvaltningsutfordringer og for å utarbeide mest mulig relevante forvaltningsplaner, slik at verneformålet kan ivaretas på best mulig måte.

Kartleggingssystemet NiN (Natur i Norge) er et heldekkende system for kartlegging av miljøvariasjonen i norsk natur (Halvorsen mfl. 2016). Systemet er fleksibelt med hensyn til detaljeringsnivå og ulike former for miljøvariasjon. Naturtypekartleggingen etter NiN bidrar derfor til et mer detaljert kunnskapsgrunnlag for forvaltning av verneområdene. I dette prosjektet er det metodikken knyttet til NiN-systemet slik versjon 2 (NIN2) forelå i 2023, som er benyttet.

Oppdragsgiver stilte ikke spesielle krav til gjennomføringen av oppdraget, ut over å benytte aktuell metodikk. Siden det er planer om å gjennomføre en revisjon av forvaltningsplanen for området (Statsforvalteren i Vestland 2023), så ble perspektiver knyttet til dette trukket inn i rapporteringen.



Figur 1. Strandsona mot øst, med Hestad-gårdene i bakgrunnen. Foto: Geir Gaarder

# 2 METODE

Kartleggingen har, i henhold til avtale, blitt gjennomført etter systematikk for Natur i Norge 2 (NiN2) samt praktisk tilpasset til funksjonalitet i NiN-app. Artsdatabankens veiledere for type- og beskrivelsessystemet (se artsdatabanken.no/Pages/281558/Publikasjoner), slik de forelå i kartleggingssesongen 2023, har blitt lagt til grunn sammen med Miljødirektoratets oppdragsbeskrivelse for basiskartlegging i 2023 (se vedlegg).

Naturtypesystemet i NiN er hierarkisk og består av 3 nivåer: hovedtypegrupper, hovedtyper og grunntyper. *Artssammensetningen* er den karakteriserende egenskapen som skiller naturtypene, det vil si den egenskapen som først og fremst brukes til det. Som en underliggende naturegenskap, som forklarer variasjonen i artssammensetning, er det definert *lokale komplekse miljøvariabler* (LKM). Dette er miljøforhold som er stabile over relativt lang tid, og som gir opphav til mønstre i artsvariasjon på relativt fin romlig skala. Disse har gitt grunnlag for utfigurering av polygoner innenfor verneområdene. Til polygonene er det knyttet utvalgte variabler fra beskrivelsessystemet i NiN, og det er disse som gir et bilde av tilstanden innenfor verneområdene, og dermed også er utgangspunkt for utforming av forvaltningsråd og krav om skjøtsel eller hensyn.

## 2.1 Kunnskapsgrunnlag og forarbeid

Det ble på forhånd ikke stilt noen krav fra oppdragsgiver om at eksisterende kunnskap om verneområdene skulle innhentes. Kjent kunnskap er derfor bare i begrenset omfang innhentet.

Informasjon fra Artskart (Artsdatabanken 2023) og Naturbase (Miljødirektoratet 2023) ble innhentet for å være forberedt før feltarbeidet startet. I etterkant har tidligere skjøtselsplan (Ryhl & Austad 1979) blitt benyttet.

## 2.2 Gjennomføring av feltarbeid

Feltarbeidet ble gjennomført 4 juni 2023, i løpet av et par morgentimer. Værforholdene var gode, med en del sol og oppholdsvær. Området er samtidig både lite, oversiktlig og lett tilgjengelig. Tidspunktet var ganske godt egnet til å fange opp karplantefloraen, samt moser og lav og dels også hekkende fugl. Det var dårlig egnet for å fange opp sopp.

## 2.3 Kartleggingsverktøy

Miljødirektoratet har fått utviklet egne applikasjoner til iPad, «NiN-app» og «Arter-app», for registrering av NiN-data og arter i felt. Med topografisk kart eller ortofoto som underlag tegnes georefererte polygoner som tilegnes egenskapsdata basert på NiN-metodikken, i et eget lag i NiN-app. Data leveres gjennom NiN-web til Miljødirektoratet for godkjenning, etter validering, og blir senere publisert i Naturbase. I Arter-app registreres georefererte punkter som tilknyttes egenskaper som artsnavn, antall, lokalitet osv. Artsdata eksporteres og leveres gjennom Artsobservasjoner og blir senere publisert i Artskart.

# 3 RESULTATER

## 3.1 Forvaltningsutfordringer

Tabell 1. Forvaltningsutfordringer knyttet til Hestad landskapsvernområde

| Beskrivelsesvariabler | Arter/inngrep | Lokaliteter | Situasjon | Tiltak |
|---|---|---|---|---|
| 7FA Fremmede arter >=2 | Blåhegg SE, gravbergknapp SE | Rundt kirkegården på kapellet | Potensiell spredning, men lite realisert | Overvåking, og hvis spredning bekjempelse |
| 7RA-SJ Rask gjenvekstsuksesjon i semi-naturlig jordbruksmark >= 3 | Gjengroing | Våteng sør for rasteplassen på nordsiden | Tidlig gjenvekstsuksesjon | Slått eller sette på beitedyr |

Det ble bare observert små forvaltningsutfordringer rettet mot naturmangfoldet. Våtenga på sørsiden av rasteplassen, i kanten av Viksdalsvatnet, antas å være noe kulturpåvirket. Påvirkningen er nok likevel nokså svak, og miljøet gror i beste fall bare langsomt igjen. Samtidig er det ikke kjent store naturverdier knyttet til denne, men den har utvilsomt betydning for flere våtmarksfugl, og representerer et noe uvanlig miljø der en ikke kan utelukke enkelte andre interessante arter (som insekt). Beite eller slått vil her være positivt, men hvor stor effekt det vil ha på naturverdiene er mer usikkert.

Trolig har det tidligere vært noe uttak av grus og sand i området, men synlige spor etter dette er stort sett visket ut nå. Det som fortsatt finnes av blottlagte sand- og guspartier, som mot stranda i nordvest, anbefales bare å få ligge i fred. De skaper bare miljøvariasjon her, og det kan være at de har litt verdi for bla. fugl og virvelløse dyr.

Fjerning av kvist, dødt gras mv. i strandsona er muligens ut fra bla. en estetisk synsvinkel ønskelig. Biologisk sett er dette et helt naturlig fenomen, og bl.a. forekommer det en del insekter som kan være spesialisert til slike miljøer. Det er ikke noe som tyder på at slike arter opptrer her, men reint biologisk er det derfor ikke noe poeng i å ta det vekk. Det må i så tilfelle være andre argumenter som bør veie tynge her, hvis en skal bruke ressurser på dette.

Kirkegården framstod som godt skjøttet i 2023. Det anbefales at plenen ikke gjødsles, men klippes/slås regelmessig og graset fjernes. Dette bør kunne føre til at den går over til å bli semi-naturlig eng over tid. En bør være restriktiv med bruk av fremmedarter på kirkegården, men de som hittil har vært brukt, selv om de står på fremmedartslista med høy til svært høy risiko, ser så langt ikke ut til å skape problemer.

Det ser ikke ut til å være verdier knyttet til trær og skogsmiljøer på tangen, men det kan ikke helt utelukkes at slike forekommer, eksempelvis marklevende sopp som danner mykorrhiza med furu. På helt generelt grunnlag vil det biologisk sett være positivt med en høy andel gamle trær, samt både stående og liggende døde trær. Siden det er et landskapsvernområde der kulturtilknyttede verdier utgjør vernegrunnlaget, vil det likevel ikke være ulogisk at landskapsestetiske hensyn, praktisk tilgjengelighet, sikkerhet mv. veier tyngst.

## 3.2 Naturfaglige observasjoner

Det var på forhånd ikke kjent spesielle naturmangfoldverdier innenfor dette landskapsvernområdet. Verneformålet var å ta vare på naturlandskapet rundt et verdifullt kulturminne (Hestad kapell).

Ryhl & Austad (1979) beskriver naturgrunnlaget ganske greit, og det ble ikke gjort spesielle observasjoner av dette i 2023 som tilsier noen nevneverdige endringer. Den NiN-baserte kartlegging viser at det både finnes naturmark, semi-naturlig mark og mer sterkt endret mark innenfor området. Generelt må det sies, ikke uventet, å være ganske gjennomgående preget av menneskelig aktivitet over lang tid. Sterkt endret mark, både i form av asfalterte areal og gruslagte stier mv. utgjør en betydelig andel av arealet. I tillegg kommer vesentlig modifisert mark i form av kirkegården, samt semi-naturlig mark i form av våteng. Også litt fastmarkskogsmark forekommer sentral på moreneryggen som kapellet ligger på, og i strandsona mot vest er det også noe antatt delvis intakt skog og strand.

Artsmessig er karplantefloraen ganske godt kjent, og denne domineres av vidt utbredte, lite kravfulle arter. Et tredve-talls arter ble notert. Et unntak som bør nevnes er bjørnerot, som står oppført som EN (sterkt truet) på den nasjonale rødlista, men dette gjelder naturlige norske forekomster. Her på Hestad er den opplagt innplantet. I tillegg ble fremmedartene blåhegg SE (svært høy risiko), ormerot LO (lav risiko) og gravbergknapp SE funnet ved kirkegarden, men sparsomt. Forekomstene ser ut til å være nokså stabile, og de virker ikke særlig aggressive her. Andre organismegrupper er lite og bare tilfeldig undersøkt. Under feltarbeidet i 2023 ble det notert et ti-talls fuglearter, inkludert rødlisteartene fiskemåke VU (sårbar), sandsvale VU, tjeld NT (nær truet) og rødstilk NT. De fleste var her nok bare på næringssøk og streif, og få arter ser ut til å hekke. Full artsliste er vist i vedlegget.




Figur 2. Naturtyper på land innenfor Hestad landskapsvernområde. Ferskvannsmiljøene er ikke nærmere undersøkt, men det er snakk om en næringsfattig innsjø.

Tabell 1. Påviste naturtyper innenfor Hestad landskapsvernområde.

| Naturtype | ID-nummer | Areal |
|---|---|---|
| Intermediær våteng | NIN5K2310157792 | 3,2 |
| Hard sterkt endret fastmark | NIN5K2310157792 | 4,1 |
| Løs sterkt endret fastmark | NIN5K2310157792 | 3,6 |
| Blåbærskog | NIN5K2310157792 | 4,1 |
| Strandsumpskogsmark | NIN5K2310157792 | 3,1 |
| Eng-liknende sterkt endret fastmark | NIN5K2310157792 | 1,4 |
| Sanddynemark | NIN5K2310157792 | 0,5 |

## 3.3 Praktiske utfordringer i felt

Det var gode værforhold og ingen praktiske utfordringer i felt.

## 3.4 Usikkerhet og alternative valg

Naturforholdene er noe uvanlige for Vestlandet – en tange i et stort lavlandsvann bygd opp av løsmasser, som ikke er oppdyrket. Samtidig har det vært utsatt for langvarig kulturpåvirkning. Dette medførte at det var enkelte vesentlige usikkerheter knyttet til naturtypene her.

Den gamle forvaltningsplanen (Ryhl & Austad 1979) nevner at grusuttak utgjør en trussel og frarådet slike inngrep i framtiden. Det virker ikke som om det har vært noe av dette i nyere tid, men utsagnet peker sterkt i retning av det har forekommet tidligere. Både våtenga på østsiden av tangen og sand-/grusstranda på vestsiden er litt uvanlige naturtyper i innlandet, der korrekt naturtype nok er usikker. Det kan godt være at gamle grusuttak er noe av årsaken til utformingene, og selv om de fysiske sporene ikke lenger er synlige, så kan det likevel være en gjengroingsgjeld som virker inn på miljøene.

Ferskvannsstrender er i Norge vanligvis vegetasjonsdekt eller består av blottlagt berg. Strender med blottlagt sand og grus finnes omtrent bare mot saltvann. Den åpne sona mot Hestadfjorden i nordvest har nå fått kartleggingsenhet forstrand, selv om dette er en naturtype som de fleste forbinder med sandstrender og sanddyner langs kysten. Jamfør avsnittet foran, så kan det ikke utelukkes at dette egentlig burde vært kartlagt som en form for løs, sterkt endret mark.

Våtenga på motsatt side av tangen, dvs. vestligste innsnevring av Viksdaldalsvatnet, er heller ikke selvsagt som naturtype. Våteng er kulturbetingede våtmarksmiljøer som generelt er dårlig utredet i Norge, og som oppviser stor variasjon. Alternativ naturtype her er nok helst helofyttsump, men det passer dårlig med hensyn på artsutvalget. På den andre siden var det lite gjengroing med busker og trær. Hvis våteng er korrekt type, så bør en forvente at den på sikt går over til en strandskog uten kulturpåvirkning, noe det hittil er lite som tyder på.

På vestsiden av tangen ble det derimot avgrenset ei smal sone med strandskog mellom veien og vatnet. Skogen har en del fastmarkspreg og virker veldrenert når bare vannstanden ikke er for høy, men også såpass mye lauvtrær ned mot vatnet at påvirkningen fra ferskvannet er tydelig. Generelt er nok både dette og de to forannevnte miljøene preget av oversvømmelse flere ganger i året som følge av høy vannstand i innsjøene.

Den sterkt endrete marka og blåbærskogen virker nokså greie som naturtyper, selv om det kan være overgang mot mer tørkeutsatt bærlyngskog for sistnevnte. Karakteristikk av selve kirkegarden som engliknende sterkt endret mark er derimot et nytt diskutabelt valg. Det er snakk om en gammel kirkegard, med ubetydelig grad av jordbearbeiding og gjødsling over lang tid. Det kan derfor ikke utelukkes at semi-naturlig eng hadde vært like korrekt her. Muligens ville en kartlegging av beitemarksopp på høsten kunne gitt en avklaring av dette.



Figur 3. Sandstranda på vestsiden av tangen. Naturlige slike strender er sjeldne langs ferskvann i Norge, særlig på Vestlandet. Ingen spesielle arter ble funnet, og den er ikke tillagt spesiell vekt her. Foto: Geir Gaarder



Figur 4. Våtenga sør for rasteplassen på østsiden av tangen. Miljøet er sannsynligvis av noe verdi for våtmarksfugl. Om valgt naturtype er korrekt, så burde en her forvente en langsom overgang mot strandskog (eller helofyttsump), men miljøet virker ganske stabilt. Foto: Geir Gaarder



Figur 5. Den gamle kirkegarden. Muligens er enga er såpass gammel at den har kvaliteter som semi-naturlig eng, men engliknende sterkt endret mark er benyttet som naturtype. Foto: Geir Gaarder



Figur 6. Sona med det som er betegnet som strandskog mot Hestadfjorden, på vestsiden av tangen. Dette er utvilsom en overgang mot fastmarkskogsmark og sterkt endret mark. Foto: Geir Gaarder.

# 4 KILDER


Artsdatabanken. 2023. Artskart. Hentet 01.06.2023 fra https://artskart.artsdatabanken.no/

Halvorsen, R., medarbeidere og samarbeidspartnere, 2016. NiN – typeinndeling og beskrivelsessystem for natursystemnivået. – Natur i Norge, Artikkel 3 (versjon 2.1.0): 1–528 (Artsdatabanken, Trondheim; http://www.artsdatabanken.no.)

Miljødirektoratet. 2023. Naturbase. Hentet 01.06.2023 fra http://kart.naturbase.no

Naturmangfoldloven. 2009. Lov om forvaltning av naturens mangfold. (LOV-2009-06-19-100). Lovdata. https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100

Ryhl, A. & Austad, 1979. Skjøtselsplan for Hestad landskapsvernområde. Tilsynsutvalet for Hestad landskapsvernområde, Miljøverndeptartementet. 18 s.

Statsforvalteren i Vestland 2023. Hestad landskapsvernområde - melding om start av arbeidet med forvaltningsplan. Brev av 13.06.2023. Ref. 2023/8032.

# Vedlegg: Artsliste

For arter som står på den nasjonale rødlista eller fremmedartslista, så er status angitt.

| **Planter funnet i 2023** | | **Fugl observert i 2023** | **Planter bare notert i 1979** |
|---|---|---|---|
| slåttestarr | legeveronika | stokkand | trådsiv |
| elvesnelle | engkarse | krikkand | ryllsiv |
| småsyre | engfrytle | tjeld NT | blåtopp |
| myrfiol | jonsokkoll | strandsnipe. | sølvbunke |
| strandrør | hårfrytle | rødstilk NT | gullris |
| hårsveve | føllblom | fiskemåke VU | gråor |
| engkarse | hvitkløver | kjøttmeis | smyle |
| blåklokke | ryllik | sandsvale VU | blåbær |
| bekkeblom | gulaks | låvesvale | tyttebær |
| lappvier | matsyre | løvsanger | stormarimjelle |
| hegg | sauesvingel | gråtrost | gjøkesyre |
| trollhegg | blåknapp | | skogstjerne |
| rogn | engsoleie | | etasjemose |
| selje | tveskjeggveronika | | |
| furu | ormerot LO | | |
| bjørk | bjørnerot (EN) | | |
| einer | gravbergknapp SE | | |
| | blåhegg SE | | |

Miljøfaglig Utredning AS ble etablert i 1988. Firmaet tilbyr miljøfaglig rådgivning. Virksomhetsområdet omfatter blant annet:

- Kartlegging og konsekvensanalyse på fagtema naturmangfold
- Skjøtselsplaner og forvaltningsplaner
- Utarbeiding av kart (illustrasjonskart og GIS)
- FoU-virksomhet
- Kurs og foredrag

Hjemmeside: www.mfu.no

Org.nr.: 984494068 MVA

# Forvaltningsplan for Hestad landskapsvernområde

Vedlegg til framlegg til forvaltningsplan mars 2024.

Foto v/ Tom Dybwad



# Hestad kapell med kyrkjegarden





# Hestad kapell, med fine steingjerde





# Fv 610 går svært nær Hestad kapell





# Fv 610: Nasjonal turistveg med rasteplass i Hestad landskapsvernområde
Foto: Nasjonal Turistveg





# Detaljar frå Nasjonal turistveg sin rasteplass

Foto: Nasjonal Turistveg






Rasteplassen til Nasjonal turistveg, med Hestadgrend bedehus i bakgrunnen
Utsikt frå rampen til Nasjonal Turistveg (Foto: Nasjonal Turistveg)





# Gangvegen langs vatnet i Hestad landskapsvernområde
# Gangvegen til kapellet







# Fylkesveg 610 gjennom landskapsvernområdet, brua i sør
# Autovern sett opp i 2018 og som ikkje har løyve





# Fugleliv: stokkender og fiskemåke





# 22 kV leidning gjennom landskapsvernområdet. Dei to nordlegaste mastene t.v., og den sørlege masta i midten







# Gamal bålplass – når det er lite vatn, og når det er flaum





# Fv 610 utan og med autovern (2013 og 2023)





## Besøksstrategi for Hestad landskapsvernområde

**1. Innleiing**
Besøksstrategien skal leggje til rette for å gi besøkande ei god oppleving av naturen i naturreservatet på ein måte som også ivaretek verneverdiane.

1.1 Formål – ved behov
Hestad landskapsvernområde har store natur- og kulturverdiar og det er behov for informasjon og styring av trafikk, parkering og ferdsel til fots.

1.2 Kort om rammeverk – ved behov
Rammene for besøksstrategien er naturmangfaldlova og verneforskrifta for området, og omsynet til kulturminna i området.

**2. Kunnskapsgrunnlaget**
Kunnskapsgrunnlaget er godt, jf både Miljøfaglig Utredning sin rapport om kartlegging av naturtypar i landskapsvernområdet (2024) og skjøtselsplan frå 1979.

2.1 Sårbare naturverdiar
Landskapsvernområdet er lite, og det er difor sårbart for nye store og små inngrep. Det er eit kulturlandskap med noko skog, særleg furutre. Mykje ferdsel kan gi uheldig slitasje på vegetasjonen.

2.2 Reiselivet
Hestad landskapsvernområde attraktivt for reiselivet, med besøk til Hestad kapell (ope for omvising i juli, elles i året bestilt omvising).

Nasjonal turistveg (Fv 610) gjennom landskapsvernområdet er eit stort inngrep i landskapsvernområdet. Rasteplassen i Nasjonal Turistveg sin regi (2021) har ei utforming som vert vurdert til ikkje å påverke kulturminna med Hestad kapell negativt. Rasteplassen gjev ei betre oppleving for turistane enn tidlegare, og ein har fått betre styring av parkering og toalett.

2.3 Kven og kva
Informasjon og tilrettelegging vil vere positivt både for dei som bur i nærleiken og turistane.

**3. Mål**
3.1 Mål med besøksforvaltning
Målet med besøksforvaltninga er å ta vare på natur- og kulturminneverdiane i landskapsvernområdet. Det bør gjerast ved å leggje til rette for ei god naturoppleving for dei besøkande og lokalbefolkning. Eit ledd i dette er å ha styring med ferdsel til gangvegane og parkering, og sjå på trafikkforholda i området saman med Statens vegvesen.

3.2 Strategiske grep
Parkering må styrast til P-plass ved Hestadgrend bedehus. Det bør ikkje vere høve til overnatting med/i (bu-)bil her. Ferdsel til fots vert styrt til gangvegane og stiane som finst.

Nasjonal turistveg gjev god informasjon om Hestad kapell og om landskapsvernområdet. Det er behov for å samle informasjon om landskapsvernområdet, stiane her, og anna (som fiskereglar) ved rasteplassen.

**4. Tiltaksplan**
- Oppsetting av ein informasjonsplakat om Hestad landskapsvernområde og annan viktig info ved rasteplassen(erstattar gamle informasjonsplakatar som står i dag
- Styre ferdsel til etablerte gangvegar og stiar i landskapsvernområdet gjennom årleg skjøtsel av desse
- Informasjonsplakat om parkering, men ikkje over natta, vert sett opp ved Hestadgrend bedehus (samarbeid med Hestadgrend bedehus og Sunnfjord kommune)
- Samarbeid med Statens vegvesen om trafikkforholda i landskapsvernområdet

# Framlegg til forvaltningsplan for Hestad landskapsvernområde

**mars 2024**



Statsforvaltaren i Vestland

FVP til høring

# Innleiing

## Hestad (VV00000577)

| | |
|---|---|
| Godkjend av | |
| Oppstartsdato | |
| Planlagd revisjon | |
| Sametingskonsultasjon | |
| Godkjenningsdato | |
| Høyringsdato | 04.03.2024 |

| | |
|---|---|
| Saksnummer i ephorte | |
| Forvaltingsstyresmakt | Statsforvalteren i Vestland |
| Type forvaltingsstyresmakt | Statsforvalter |
| Oppsyn | http://www.naturoppsyn.no/lokalkontorer/ |
| Fylker | Vestland |
| Kommuner | Sunnfjord |
| Verneform | landskapsvernområde |
| Verneplan | Annet vern eller verneplan |
| Vernet dato | |

### Om forvaltningsplanen

Hestad landskapsvernområde vart oppretta 22.10.1971, som det første landskapsvernområdet i Norge, i medhald av lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern.

Føremålet med landskapsvernområdet er å verna det særmerkte i eit vakkert natur- og kulturlandskap som ramme om eit kulturminne.

Forvaltningsplanen skal vere eit hjelpemiddel for å oppretthalde verneformålet og for å fremje verneverdiane. Forvaltningsplanen er utarbeidd innanfor rammene i gjeldande verneforskrift slik at forvaltninga vert meir føreseieleg. Planen skal også fungere som rettleiar for forvaltningsstyresmaktene og skildre saksbehandlingsrutinar. Forvaltningsplanen er ikkje eit juridisk

bindande dokument, men skal avklare handtering av verne- og brukarinteresser i medhald av verneforskrifta for landskapsvernområdet.

Forvaltningsplanen byggjer i den grad det er aktuelt og nyttig i dag, på skjøtselsplanen for Hestad landskapsvernområde som blei utarbeidd av Ingvil Austad og Anker Ryhl i 1979.

## Oppgåva til forvaltingsstyresmakta

Statsforvaltaren (fram til 1.1.2021 Fylkesmannen) i Vestland er forvaltningsstyresmakt for Hestad landskapsvernområde. Søknader om løyve og dispensasjonar for verneforskrifta skal sendast Statsforvaltaren i Vestland. Forvaltningsstyresmakta kan setje i gang oppsyn, overvaking eller tiltak i området. Aktuelle aktørar for utføring av forvaltningstiltak er Statens naturoppsyn (SNO) og eventuelle eksterne aktørar som forvaltningsstyresmakta inngår ein avtale med Statens naturoppsyn (SNO) har oppsyn i området.

## Tilleggsopplysningar

Hestad landskapsvernområde ligg i Sunnfjord kommune. Sunnfjord kommune forvaltar plan- og bygningslova og lov om motorferdsel i utmark, i området.

Verneforskrifta for Hestad landskapsvernområde er frå 1971 og framstår som utdatert med omsyn til det som er vanleg for vern av landskapsvernområde i Norge i dag. Å revidere verneforskrifta, dvs. utarbeide eit framlegg til ny verneforskrift er eit omfattande arbeid fordi ei ny verneforskrift må sendast på brei høyring før den kan bli vedteke ved ny kgl.res. for Hestad landskapsvernområde. Revisjon av verneforskrifter for landskapsvernområde er pr. i dag ikkje prioritert av Klima- og miljødepartementet. Når Statsforvaltaren får beskjed om å prioritere dette, vil vi setje i gang arbeidet med å utarbeide ny verneforskrift for Hestad landskapsvernområde.

Den generelle dispensasjonsheimelen, § 48 i lov om naturmangfald om dispensasjon frå vernevedtak gjeld i Hestad landskapsvernområde (til liks som i alle andre naturvernområde), og fungerer som ei oppdatering av gjeldande forskrift og som ein sikkerheitsventil for at forvaltninga skjer i tråd med lovverket. Den sentrale formuleringa i § 48 i naturmangfaldlova er slik: "Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Også § 47 i lov om naturmangfald om skjøtsel gjeld i Hestad landskapsvernområde, og er eit moderniserande supplement til verneforskrifta for Hestad landskapsvernområd. Her heiter det at "i vernerneområder etter dette kapitlet kan forvaltningsmyndigheten foreta skjøtsel og grensemerking av verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak. Forvaltningsmyndigheten kan også inngå avtale med interesserte organisasjoner eller andre om at disse utfører slike skjøtselstiltak."

## Områdefakta

| | |
|---|---|
| Landareal (daa) | 20 |
| Sjøareal (daa) | |
| IUCN-status | IUCN_V |
| Ramsar-status | |
| Emerald-status | |

## Natur

### Beskriving

Området omfattar Hestad kapell og området omkring: det smale eidet mellom Viksdalsvatnet og Hestadfjorden i Gaularvassdraget. Hestad kapell er ei lita tjørebreidd trekyrkje eigd av Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkers Bevaring (Fortidsdminneforeningen). Den eldste delen er frå mellomalderen. Kring kyrkja går ein gamal mur med ein liten gravplass på den eine sida. Landtunga er skogkledd med ein del furu saman med ymse lauvtreslag. Attmed landtunga er det en langgrunn og fin sandstrand. Landskapsbiletet er særs vakkert med høge fjell kring vatnet. Ein fylkesveg går over landtunga. Området vart verna i 1971, og privat grunn i landskapsvernområdet vart kjøpt av Staten i 1983. Forskrifta seier at området er på 20 daa, medan ny oppmåling i 1981 viser at området er 35 daa.

### Beskriving av naturtypar

I landskapsvernområdet er det registrert følgjande naturtypar (Miljøfaglig Utredning 2024), sjå vedlegg.

- Blåbærskog
- Engliknande sterkt endra fastmark
- Hard sterkt endra fastmark

- Intermediær våteng
- Laus sterkt endra fastmark
- Sanddynemark
- Strandsumpskogsmark

Hestadgrend bedehus, som ligg utanfor landskapsvernområdet, ligg på "hard sterkt endra fastmark"

## Beskriving av artar

Statsforvaltaren i Vestland engasjerte Miljøfaglig Utredning til å kartleggje artane i Hestad Landskapsvernommråde i 2023. I skjøtselsplanen frå oktober 1979 er det ei omfattande skildring av vegetasjonen i landskapsvernområdet. For alle artane som er registrerte, sjå artsliste i Miljøfaglig Utredning sin rapport (2024).

## Beskriving av raudlisteartar

Det er ikkje registrert raudlistartar blant plantane, med unntak av bjørnerot er som er sterkt trua (EN), men som er å sjå som innført her. Raudstilk og tjeld er artar som er vurdert til nær trua (NT), og fiskemåke og sandvale er sårbare (VU). Det er ikkje hekkeindikasjonar for desse artane, men dei nyttar området til næringssøk. Ein kan likevel ikkje heilt utelukke hekking av raudstilk og fiskemåke.

Når det gjeld lista over framande artar, så er ormerot sett til lav risiko (LO). Gravbergknapp og blåhegg er svært høg risiko (SE), men desse verkar ikkje vere veldig aggressive i denne regionen i følgje Miljøfaglig Utredning.

## Beskriving av geologi

Landskapsvernområdet ligg på ei lang og smal landtunge mellom Viksdalsvatnet og Hestadfjorden, som ein sentral del av Gaularvassdraget, som er verna mot kraftutbygging. Den nesten 500 meter lange landtunga som utgjer landskapsvernområdet, er lagvis bygd opp av sortert grus, grov sand og stein. Ryggen er opp til 40 meter brei og hevar seg 5-6 meter over vassflata. Den er avsett ved slutten av istida for rundt 9000 år sidan.

Isen har i ein periode under attendesmeltinga hengt seg opp på ein berggrunnsterskel under grusryggen. Tidlegare hadde truleg aktiv kalving i Hestadfjorden ført til rask avkorting av brearmen. Ved oppgrunninga på terskelen avtok kalvinga til isen på ny kom i avsmeltingsbalanse. I denne tida avsette smeltevatn lausmateriale framfor breen i Hestadfjorden. Ryggen og flatene omkring er såleis restar av ei deltaoppbygging. Avsetjinga er seinare gjennomskoren av ei elv i sør. Eit fjellnes nokre

hundre meter lenger aust har danna eit trongt gjennomløp for breen og nok påverka avsmeltingsforløpet ved Hestad.

Mangel på sidemorenesystem og morenemateriale i sjølve ryggen viser at han ikkje er avsett av ein aktiv bre. Avsmeltingstrinnet på Hestad let seg i tid vanskeleg direkte jamføre med andre randsystem.

Vekslingar i vasstanden og bølgjeverksemd har etter kvart ført til noko utvasking og sortering av materialet i strandsona. På dette viset er langgrunne sandstrender utvikla.

### Klimaendring

Det er uvisst korleis klimaendringar vil påverke landskapsvernområdet. Avsmeltinga frå breane som Gaularvassdraget kjem frå, vil truleg vere den dominerande faktoren.

### Annan negativ påverknad

Fv 610 er eit nokså dominerande inngrep i landskapsvernområdet.

Biltrafikken på Fv 610 går gjennom heile landskapsvernområdet frå nord til sør, og særleg om sommaren når trafikken er størst, kan det forstyrre opplevinga av landskapsvernområdet og kulturminna i området. Det er uheldig at fartsgrensa er sett til 80 km/t i staden for lågare. Det er ein liten P-plass (inntil 2 bilar) i sørenden for Hestad kapell, medan den mest brukte P-plassen er ved Hestadgrend bedehus utanfor landskapsvernområdet.

Statens vegvesen sette i 2019 opp eit 200 meter langt autovern langs vestsida av Fv 610 frå brua i sør utan å søkje Statsforvaltaren i Vestland om løyve på førehand, men i etterkant. Autovernet er sett opp av tryggleiksomsyn. Statsforvaltaren har avslått søknaden, og saka er ikkje endeleg avgjort av Miljødirektoratet etter at Vestland fylkeskommune sin vegadministrasjon klaga på avslaget.

Det går ei 22 kV luftlinje gjennom landskapsvernområdet. Eit spenn med fire leidningar kryssar området med tre master, to på den austlege og ei på den vestlege sida. Mastene er av ulik utforming, der masta i sør og i nord har to stolpar, og masta i midten har ei stolpe.

Gaularvassdraget med Hestad er flaumutsett, og ligg i aktsemdområdet for flaum (kjelde NVE). Det var store flaumar seinast i 2014 og i 2019. I 2014 gjekk flaumen over landtunga (dvs. landskapsvernområdet) frå Viksdalsvatnet til Hestadfjorden.

## Bruk og historikk

### Eigarstruktur

Staten v/Miljødirektoratet eig mesteparten av grunnen i landskapsvernområdet etter at staten kjøpte dette frå den private eigaren i området i 1983. Gnr/bnr til Staten sin eigedom er 150/18.

Hestad kapell med gravplassen er eigd av Fortidsminneforeininga, med gnr/bnr 150/10.

Statens vegvesen eig grunnen til FV 610 gjennom området, og denne har gnr/bnr 104/6. Vestland fylkeskommune sin vegadministrasjon står for forvaltning og drift av vegen.

Ein liten bit (ca. 10 m2) av gnr/bnr 150/20, som gjeld vegskuldra til Fv 5674 Vågsvegen, dvs. utanfor veglegemet, ligg og inne i landskapsvernområdet slik det også gjer i følgje kartet som følgde kgl.res. i 1971.

### Verneprosessen

Hestad landskapsvernområde vart oppretta som det første landskapsvernområdet i Noreg den 22.10.1971, og då etter naturvernlova (lov av 19. juni 1970 om naturvern). Vernet er seinare vidareført gjennom lov om naturmangfald av 19.06.2009.

Framlegget om vern vart fremja av Kommunaldepartementet i eit brev til Gaular kommune 19.12.1969.

### Grensa til verneområdet

Grensa for Hestad landskapsvernområde er usikker i nord fordi kartet som følgde kgl.res. i 1971 ikkje viste klare grenser. Etter at staten i 1983 kjøpte dei to teigane som gnr/bnr 150/3 eigde i landskapsvernområdet, er det naturlege at grensa for landskapsvernområdet følgjer grensa for staten sin eigedom (gnr/bnr 150/18) i nord. Sameleis mot Hestadfjorden og Viksdalsvatnet der eigedomsgrensa går på ca. ein (1) meter djupne rekna frå normal vasstand. Hestadgrend bedehus sin eigedom ligg då utanfor landskapsvernområdet, sjølv om digitale kart som Naturbasen viser at det ligg innanfor. Statsforvaltaren i Vestland tok hausten 2023 opp spørsmålet om justering/korrigering av grensa for Hestad landskapsvernområde med Miljødirektoratet. På bakgrunn av Miljødirektoratet si tilbakemelding sende vi eit framlegg til ny justert grense for Hestad landskapsvernområde på høyring 12.02.2024. Framlegget til forvaltningsplan byggjer på dette framlegget til grenser.

### Brukshistorie

Hestad kapell

Kapellet har røter attende til mellomalderen. Segna seier at det stod kyrkje på Øyra på 1100-talet, men i skriftlege kjelder er ho først nemnd i ein paveleg rekneskap frå 1327. I ei oversikt over lokalkyrkja sine eigedommar frå ca. 1350 er Øyrakyrkja nemnd som ei av dei fem kyrkjene i Gaular. Etter Svartedauden var kyrkja ute av drift, og vi finn ho fyrst att som soknekyrkje på slutten av 1500-talet.

Kapellet vart rive i 1805 og bygd opp att på same staden. Innvendig vart lite endra, medan tak og tårn vart ombygde i 1864. (kjelde: Kulturhistorisk leksikon, Fylkesarkivet i Vestland) Hestad kapell - Kulturhistorisk leksikon (fylkesarkivet.no)

Før vegen på sørsida av Viksdalsvatnet vart bygd, var vatnet viktigaste framkomstveg. Dermed vart også kapellet liggjande midt i leia. Sommarsdagen gjekk båttrafikken gjennom sundet, og om vinteren gjekk sledefarten over Øyra.

Vegen på sørsida av Viksdalsvatnet vart bygd i 1884, og brua over til landtunga i 1940. Gangvegen på austsida av landtunga gjennom landskapsvernområdet var i bruk som køyreveg fram til ca. 1950. I 1970 vart det bygd veg på nordsida av Hestadfjorden frå Sande, og med det kom dagens bilveg på vestsida gjennom landskapsvernområdet. Dette er i dag Fv 610 som er hovudvegen gjennom Viksdalen. Fv 610 var riksveg fram til 2010 då han vart fylkesveg. Vegen var grusveg fram til 1973, då han fekk oljegrus (dispensasjon frå verneforskrifta v/ Fylkesmannen i Sogn og Fjordane), og er seinare asfaltert. Nokre utbetringar med kurvatur vart gjort i 1980-81 (dispensasjon frå verneforskrifta v/ Fylkesmannen i Sogn og Fjordsane). Vegen vart nasjonal turistveg i 2013 som ein del av Nasjonal Turistveg over Gaularfjellet.

### Landbruk

Landskapsvernområdet er ikkje i bruk i landbruket. Eigaren av gnr/bnr 150/3 kan få dispensasjon for å setje opp eit pumpehus (for vatning i landbruket på gnr/bnr 150/3) innafor landskapsvernområdet, jf kjøpsavtale frå 1983. Dette er ikkje aktuelt i overskodeleg framtid i følgje eigaren av gnr/bnr 150/3.

### Reindrift

Det er ikkje reindrift i området.

### Friluftsliv

Nordre del av Hestad landskapsvernområde er svært populært som bade- og friluftsområde om sommaren, både i Hestadfjorden og i Viksdalsvatnet. Dei langgrunne sandstrendene i landskapsvernområdet er veleigna til bading og mykje bruke, særleg av born.

Den austlege delen av landskapsvernområdet mot Viksdalsvatnet er statleg sikra friluftsområde.

Grusstien frå nord til sør er mykje brukt til ein enkel og lett fottur gjennom området. Mange går også langs Fv 610.

### Jakt og fiske

Det er ikkje jakt i landskapsvernområdet. Det vert fiska i Viksdalsvatnet og i Hestadfjorden, anten frå land i landskapsvernområdet eller at folk vadar ut i vatnet. Det er også noko stangfiske frå vegbrua lengst sør i landskapsvernområdet. Ein gong i året er vert det arrangert fiskefestival med utgangspunkt frå land i landskapsvernområdet.

## Reiseliv

Nasjonal Turistveg har ein rasteplass med informasjon og toalett i nordenden av landskapsvernområdet. Etablering av rasteplassen med benkar og bord har medført at fleire turistar stoppar her, og vert også mykje brukt av lokalbefolkninga. Heile landskapsvernområdet er mykje brukt både av lokalbefolkning og av turistar, og er særleg populært om sommaren. Det er arrangement, gudstenester og omvisingar i Hestad kapell og sommarhalvåret. Hestadgrend Bedehus har arrangement heile året.

Hestadgrend grendalag fortel at det ofte er større tilreisande grupper som rastar her, og som grillar og tenner bål i sommarhalvåret.

Strendene i Hestad landskapsvernområde er ein av dei mest brukte badeplassane i Gaular, bubilar stansar for å overnatte, andre berre stansar og rastar, fiskar litt, går turar osv.

Ein har ikkje nøyaktige tal for kor mange som vitjar Hestad landskapsvernområde eller Hestad kapell i løpet av eit år. Ein reknar med at omlag 1000 personar besøker sjølve kapellet kvart år. Kapellet er ope i juli. Besøket kring kapellet og kyrkjegarden ligg ein del over dette, og kan kanskje vere nokre tusen. Kor mange som parkerer og/eller badar, rastar og kvilar ved Nasjonal Turistveg sin rasteplass har ein ikkje tal på.

## Forsking og undervisning

Området er årleg i bruk til undervisning, både frå Sande skule og Viksdalen skule. 5. og 6. klasse har faste opplegg, og i tillegg nyttar barnehagane i nærleiken området frå tid til annan.

## Kulturminne

Hestad kapell ligg midt i landskapsvernområdet, og kapellet med kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Kapellet avløyste ei tidlegare stavkyrkje på staden, nemnd allereie på 1300-talet som "capella de Herstadom" og "Hestad kirkja". Denne eldste bygningen var kun utstyrt med kalk og disk, klokke og messeserk; både vindauge, stolar og altertavle mangla.

Stavkyrkja gjennomgjekk etterkvart fleire utbetringar, men manglande bruk i hundreåra etter reformasjonen førte til merkbart forfall. I 1805 vart bygningen ombygd, dels på basis av opphavleg konstruksjon og gamalt byggjemateriale. Såleis finn ein framleis utskorne drakehovud og renessansedekor i kapellet.

Plankar, stokkar og bord er elles festa med trenaglar, og vindaugsrutene har enno blyinnfatning med det gamle grønlege glaset. På ei rute er måla: "Wel agt man Jeon Hæsta 1771", truleg ei gjæv gåve i ei tid då vindaugsglas var sjeldsynt på desse kantar.

Kapellet har i dag eit interiør halde i ein lys trekvit tone, berre alter, preikestol og døypefont er måla. Altertavla frå 1600-talet er omarbeidd og fornya. Elektrisitet er ikkje innlagt, og det er forbod mot oppvarming.

Ein gamal mur i naturstein omgir kapellet på tre sider og avgrensar den eldste kyrkjegarden på rundt 20 x 25 meter. Her ligg fleire eldre graver, og dei eldste ligg på det smale området mellom kapellet og Fv 610. Det står ein bautastein på kyrkjegarden som og er eit automatisk freda kulturminne.

Sjølv om kapellet er bygd med enkle konstruksjonsløysingar, har det svært stor kulturminneverdi. Også sjølve kyrkjegarden som består av ein gamal og ein nyare del, er freda.

Hestad kapell har 3-4 faste gudstenester for året, i tillegg gravferder for grenda, vigslar og Luciafeiring. Her er vanlegvis eit par konsertar for året, og i sommarhalvåret er det populært å halde bryllup her. Kapellet er ope for omvisning ein månads tid (juli) om sommaren, og elles etter avtale. Delar av 17.mai-feiringa i Hestadgrenda skjer i tilknyting til Hestad kapell, bedehuset og landskapsvernområdet.

## Bygg og installasjonar

I nordenden av landskapsvernområdet har Nasjonale turistvegar laga til ein rasteplass med toalett og ein rasteplass med bord og benkar, etter løyve frå Fylkesmannen i Vestland. Ein liten utsiktslandgang går ut frå toalettet og litt ut i våtmarksområdet i Viksdalsvatnet. Rasteplassen og toalettet til Nasjonal Turistveg vart opna 15. september 2021.

Nesten i sørenden ligg Hestad kapell med gravplass og eit reiskapshus (bygd 1996). Det er også eit renseanlegg for vatn (som utan rensing er brunt) og ein avfallskum som er tilknytta kapellet og reiskapshuset.

Det er parkering ved Hestadgrend bedehus i nord, og ein liten P-plass i sør ved Hestad kapell. Det går ein grussti (i traséen til gamlevegen) frå sør til nord på austsida av landtunga.

Av mogleg framtidige bygg/installsjonar må nemnast at

- eigaren av gnr/bnr 150/3 har rett (jf eigedomsoverdraging i 1983 (skøyte med kjøpekontrakt av 10.02.1983)) til å ha ein båtplass i landskapsvernområdet, og til etter søknad å kunne setje opp eit lågt båtnaust i landskapsvernområdet, etter tilvising frå tilsynsutvalet og forvaltningsstyresmakta (no Statsforvaltaren i Vestland).

- eigaren av gnr/bnr 150/3 kan og få dispensasjon for å setje opp eit pumpehus for vatning på garden sin (som ligg utanfor landskapsvernområdet) til landbruksformål, I følgje eigaren er dette ikkje aktuelt i overskodeleg framtid.

## Infrastruktur

Fv 610 som også er ein del av Nasjonal Turistveg over Gaularfjellet, går gjennom landskapsvernområdet. Fartsgrensa gjennom landskapsvernområdet er pr. 1.1.2024 av Statens vegvesen sett til 80 km/t.

Det går ei 22 kV kraftlinje frå sør til nord gjennom landskapsvernområdet.

## Motorferdsel

Fv 610 går gjennom landskapsvernområdet frå nord til sør. Vegen inngår i dei nasjonale turistvegane, og det er stor trafikk på vegen særleg om sommaren når det også er flest folk i området. Fartsgrensa er 80 km/t, men det har vore fleire initiativ frå både lokalt og frå forvaltningsstyresmakta for å få sett

ned fartsgrensa frå 80 km/t pga trafikkfaren og omsynet til Hestad kapell. Krav om fartsgrense på 50 eller 60 km/t, iallfall i sommarhalvåret, vart framsett av Tilsynsutvalet (nedlagt i 1983) for Hestad landskapsvernområde allereie i 1980.

### Tilleggsopplysningar

Skjøtsel i landskapsvernområdet vert utført av Hestadgrend grendalag etter avtale om dette, med midlar frå Statsforvaltaren i Vestland.

Store flaumar i Gaularvassdraget er ei utfordring i forvaltninga av Hestad landskapsvernområde.

Av faste arrangement i landskapsvernområdet kan nemnast 17.mai, jonsok- og olsokfeiring og aurefiskefestival.

På parkeringsplassen ved Hestadgrend Bedehus er det plass for inntil 15 bilar. Det er denne P-plassen som vert brukt når ein besøker landskapsvernområdet og når det er arrangement i Hestad kapell, om lag 400 meter unna. Ved Hestad kapell er det ei avkøyrsel frå Fv 610 med plass til 2 bilar. Denne vert mest brukt av dei som besøker kyrkjegarden.

## Forvalting

### Innleiing

Statsforvaltaren i Vestland (tidlegare Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) er forvaltningsstyresmakt for Hestad landskapsvernområde.

Fram til Staten v/ Miljødirektoratet kjøpte den private grunnen i landskapsvernområdet i 1983, var det eit tilsynsutval for Hestad landskapsvernområde, der m.a. grunneigar  på gnr/bnr 150/3, som då eigde grunn i landskapsvernområdet, var medlem.

### Skjøtselsplan

Plan innarbeidet som del av forvaltningsplanen

### Besøksforvaltning

Plan utarbeidet og ligger som vedlegg

### Forvaltningsutfordringar

Dei viktigaste forvaltningsutfordringane er

- Skjøtsel av kulturlandskapet, rasteplassen (i regi av Nasjonal Turistveg) og gangvegar

- Stor ferdsel/besøk særleg om sommaren (gjeld bading/rekreasjon og besøk i Hestad kapell og bruk av rasteplassen til Nasjonal Turistveg) kombinert med stor trafikk og høg fartsgrense på Fv 610 (som er Nasjonal Turistveg). På enkelte (solrike og varne) dagar kan det vere så mykje som 50 bilar i området, mange av dei parkert langs Fv 610, mange born kjem på sykkel, og i alt så mykje som 100 menneske i området samstundes.

- Tryggleik for alle som ferdast i området pga stor trafikk, særleg om sommaren, og høg fart (80 km/t er fartsgrensa gjennom landskapsvernområdet)

- Brannfaren, som kjem frå grilling på rasteplassen, bålbrenning og frå kraftlinja gjennom området

- Skjøtsel av kulturminne (Hestad kapell med gamal og ny kyrkjegard)

Det vart i 1979 utarbeidd ein skjøtselsplan for Hestad landskapsvernområde, og tilrådingane der som framleis gjeld i dag, vil bli vidareførde.

### Naturmangfaldlova

Verneforskrifta for Hestad landskapsvernområd er frå 1971, og er difor på mange område ikkje oppdatert i høve til situasjonen i dag og det som er standard for verneforskrifter for landskapsvernområde. Oppdatering av verneforskrifter i landskapsvernområde er ikkje prioritert av Klima- og miljødepartementet (KLD) no. Ny verneforskrift for Hestad landskapsvernområde bør prioriterast når KLD tek initiativ for at oppdatering av verneforskrifter for landskapsvernområde skal skje.

§ 48 i naturmangfaldlova gjeld alle naturvernområde i Norge, og fungerer som ein god sikkerheitsventil for å ivareta verneverdiane i landskapsvernområdet i og med gjeldande verneforskrift har manglar fordi ho er gamal.

§ 48 i naturmangfaldlova:

*"Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

*I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å*

*bære rimelige kostnader ved ivaretakelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.*

*Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.*

*Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette."*

§ 47 i naturmangfaldova som gjeld skjøtsel, er viktig i forvaltninga av Hestad landskapsvernområde. Her heiter det at
*"I verneområder etter dette kapitlet kan forvaltningsmyndigheten foreta skjøtsel og grensemerking av verneområdet. Forvaltningsmyndigheten skal, hvis mulig, inngå avtale med grunneieren om at denne utfører nærmere bestemte skjøtselstiltak. Forvaltningsmyndigheten kan også inngå avtale med interesserte organisasjoner eller andre om at disse utfører slike skjøtselstiltak.*

*Som skjøtsel kan foretas tiltak for å opprettholde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, herunder tiltak for å kanalisere ferdsel, fjerning av vegetasjon eller fremmede treslag og restaurering etter naturinngrep. Skjøtselstiltak som innebærer høsting av naturlige ressurser eller en vesentlig endring i naturtilstanden slik den var da vernearbeidet tok til, jf. § 42 eller § 45 første ledd, kan ikke skje etter denne paragraf."*

Også dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova i kap. II er viktige for at forvaltninga av Hestad landskapsvernområde skal vere oppdatert sjølv om ikkje verneforskrifta er det. Desse prinsippa kjem til bruk ved utøving av offentleg myndigheit og må vurderast når ein gjer vedtak etter verneforskrifta. Dei miljørettslege prinsippa gjeld kunnskapsgrunnlaget (§ 8), føre-var-prinsippet (§9), økosystemtilknærming og samla belasting ( |10), kostnader ved miljøforringing ligg til tiltakshavaren (§119 og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§12). Prinsippa er ikkje sjølvstendige vedtaksheimlar, men ein skal leggje dei til grunn som retningslinjer når ein tek avgjerder som rører ved naturmangfald etter andre føresegner. Det vil seie at prinsippa skal vere ein del av vurderinga både ved vedtak med heimel i spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskrifter og ved vedtak etter naturmangfaldlova § 48. I følgje naturmangfaldlova § 7 skal det gå fram av vedtaket korleis ein har vurdert prinsippa.

**Meir informasjo**n:
Rundskriv frå Miljødirektoratet om forvaltning av verneforskrifter
Rettleiing frå KLD om naturmangfaldlova

Verneforskrift URL
https://lovdata.no/forskrift/1971-10-22-4

Sentrale føringar
Naturmangfaldlova § 48 gir forvaltningsstyresmakta heimel til å gi dispensasjon frå verneforskrifta i tre alternative tilfelle: dersom det ikkje strir mot verneformålet og ikkje kan påverke verneverdiane

nemneverdig, dersom tryggleiksomsyn gjer det naudsynt, eller dersom vesentlege samfunnsomsyn gjer det naudsynt. Føresegna skal vere ein tryggleiksventil for tiltak ein ikkje kunne føresjå, eller spesielle/særskilde tilfelle som ikkje blei vurdert på vernetidspunktet. Første alternativ dekkjer tilfelle der verneformål og verneverdiar eller enkeltståande avvik frå vernereglane, og er i utgangspunkt meint for bagatellmessige inngrep eller forbigåande forstyrringar. Tryggleiksomsyn gjeld liv og helse, og tryggleik mot omfattande og direkte skade på eigedom, og må vere naudsynt. Vesentleg samfunnsinteresse gjeld tungvegande nasjonale omsyn, ikkje regionale og lokale interesser. § 48 er ein kan-regel. Det vil seie at sjølv om vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylte, er det ingen som har krav på dispensasjon. Det er naudsynt med ei breiare vurdering av om ein bør gi dispensasjon. Meir informasjon:

m106.pdf (miljodirektoratet.no)

## Retningslinjer frå forvaltingsstyresmakta

| Id | Tema | Forskriftsreferanse | Retningslinjer frå forvaltingsstyresmakta |
|---|---|---|---|
| 1 | Inngrep | Pkt. II a, b, c | I verneforskrifta for Hestad landskapsvernområde heiter det at «Føremålet er å verna det særmerkte i eit vakkert naturlandskap som ramme om eit kulturminne.» Det er difor eit mål å halde landskapet og vegetasjonen om lag slik det står fram i dag, nettopp som ramme kring Hestad kapell og kyrkjegarden. Samstundes er det i alle område som er verna etter naturmangfaldlova eit mål å ivareta naturmangfaldet, både biologi og landskap.<br><br>Det er såleis eit mål å unngå nye inngrep og unødig slitasje i landskapsvernrområdet.<br><br>Det går fram av verneforskrifta at hus eller andre byggverk eller anlegg må ikkje førast opp, med unntak av eit lågt båtnaust for tidlegare eigar, etter godkjenning frå forvaltningsstyresmakta, jf at Staten kjøpte den private grunnen i landskapsvernområdet i 1983.<br><br>Heller ikkje vegar eller luftleidningar skal i prinsippet førast over landskapsvernområde fordi dei er framandelement. Noverande veg og luftleidning må difor ikkje utvidast. Ideelt sett bør Fv 610 leggjast utanom landskapsvernområdet, dvs. i ein heilt ny trasé. Sameleis bør luftleidninga bør leggjast i kabel i vatn forbi landskapsvernområdet.<br><br>Graving etter grus og andre inngrep i terrenget er forbode, med unntak av sjølve kyrkjegarden. Dersom det kjem søknad om inngrep i Hestad |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | landskapsvernområde, skal desse handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova, dvs. at forvaltningsstyresmakta må vurdere om tiltaket strir mot vernevedtaket sitt formål og om det kan påverke verneverdiene nevneverdig. I så tilfelle kan det gjevast løyve. Viss det er særskilde sikkerheitsomsyn eller vesentlege (nasjonale) samfunnsinteresser som gjer tiltaket naudsynt, kan det også gjevast løyve.<br><br>Hestad landskapsvernområde er lite, og er difor svært sårbart for alle inngrep fordi dei vil kunne påverke eller endre området vesentleg. Når det har vore gjort inngrep, har dette i hovudsak vore tilretteleggingstiltak for at bruk og ferdsel, som til tider kan vere stor, ikkje skal forringe området.<br><br>Eit uheldig tiltak er bålplassen på Viksdalssida. Denne vart etablert kring 1970, først litt lenger sør enn der den er i dag. Bålplassen ligg på oppbygde steinar mot vatnet, og her vert det år om anna brent eit bål med kratt, drivved avfall, dersom dette ikkje vert køyrt bort. Pga brannfare både for landskapsvernområdet og kapellet, bør brenning her opphøyre. Det bør gjennomførast enkle tilstellingstiltak for å gjere området finare, t.d. ved å ordne til steinane.<br><br>Bruk av open eld utgjer alltid ei stor brannfare i landskapsvernområdet.<br><br>Oppsetting av ulike former for lyssetting av Hestad kapell og gangvegar er å sjå som framandelemnt som ikkje høyrer heime i eit landskapsvernområde, og eit slikt tiltak vil truleg kome i konflikt med verneformålet.<br><br>Statens vegvesen bygde i 2019 eit nytt ca. 200 meter langt autovern på vestsida av Fv 610 i den sørlege delen av landskapsvernområdet (frå brua) utan å søkje om dette på førehand. Søknad vart sendt etterpå. Statsforvaltaren i Vestland avslo søknaden, og Vestland fylkeskommune sin vegadministrasjon har klaga på avslaget. Det er pr. dags dato ikkje avklart kva som skjer i denne saka, som vil bli avgjort av Miljødirektoratet. Oppsetting av autovernet er grunngjeve med trafikktryggleik. Statsforvaltaren meiner andre alternativ for å auke trafikktryggleiken må vurderast.<br><br>Det er viktig å unngå inngrep i trea i landskapsvernområdet. Furutrea i området har stor |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | natur- og opplevingsverdi, og skal difor få utvikle og vekse naturleg. Det same gjeld bjørkehagen i nord kring rasteplassen. |
| 2 | Friluftsliv | II e, Naturmangfaldlova § 48 | Friluftsliv i Hestad landskapsvernområde gjeld badeliv om sommaren og lette gåturar på gangvegane.<br><br>Sandstrender og at det er langgrunt, gjer området attraktivt for bading om sommaren, og spesielt for born. Mest brukt er stranda på vestsida, dvs. Hestadfjorden. Det er trongt mellom Fv 610 og Hestadfjorden fordi det er berre ein liten bakstrand mellom vatnet og fylkesvegen, særleg i det mest brukte området i nord ved rasteplassen til Nasjonal turistveg. Det kan vere behov for gangfelt over vegen for å gjere kryssing av Fv 610 mest mogleg trafikksikkert og auke tryggleiken i området.<br><br>Dei aller fleste som går tur i området følgjer dei tilrettelagde gangvegane. Den lengste, viktigaste og mest brukte går på austsida av landtunga/landskapsvernområdet frå sør til nord, dvs. langs stranda ved Vikjavatnet. Den andre går frå litt sør for rasteplassen i nord til ein gamal port som fører inn på kyrkjegarden til Hestad kapell. Denne vert mest brukt når ein skal besøke kapellet og kyrkjegarden.<br><br>Gangvegane i området bør vere godt synlege slik at dei vert nytta av besøkande, og difor skjøttast årleg, med å fjerne ein del kratt, særleg av or. Gangvegen på austsida langs Vikjavatnet vart oppgradert i 2011 med m.a. tilførsel av grus. Gangvegen må skjøttast kvart år så han ikkje gror att. Det kan verte behov for å gjennomføre ny grusing av denne gangvegen om nokre år. Gangvegen bør ha standard slik at rørslehemma kan ferdast her, men likevel ikkje vere breiare enn naudsynt. Stien på ryggen fram til kapellet (frå nord) bør ikkje oppgraderast, berre vedlikehaldast.<br><br>Benkar og bord som Nasjonal turistveg har sett opp på rasteplassen fungerer godt og vert mykje brukt, både av badegjestar og turistar som køyrer Nasjonal Turistveg.<br><br>Open eld og grilling utgjer ei brannfare og bør ikkje skje i landskapsvernområdet. Utforminga av rasteplassen med betongdekke gjer likevel at brannfaren ved grilling her er mindre enn før. Det er |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | ikkje nokon fast bålplass i landskapsvernområdet, og det bør heller ikkje vere det.<br><br>Statsforvaltaren vurderer at friluftsaktivitetane slik dei føregår i dag, ikkje er til skade for verdiane i landskapsvernområdet. Det er ikkje ønskjeleg eller behov for fleire tilretteleggingstiltak no. |
| 3 | Kulturminner | 1, II f | Landskapsvernområdet er oppretta for å ta vare den særmerkte og vakre naturen kring Hestad kapell som med kyrkjegarden er eit freda kulturminne.<br><br>Hestad kapell har om lag 1000 besøk i året. Det vert arrangert gudsteneste 3-4 gongar i året, og andre arrangement som konsertar.<br><br>Kyrkjegarden, består av ein gamal del kring kyrkja, og ein nyare del sør for kyrkja. Dei markante steinmurane kring den gamle kyrkjegarden med gamle og svært uvanlege graver er viktige både som kulturminne og for opplevinga. Dei eldste gravplassane ligg mellom inngangsdøra til kapellet og Fv 610, ca. to meter frå vegen, og her kan sig i grunnen vere eit problem. Kyrkjegarden og dei gamle gravene bør difor jamnleg vedlikehaldast og stellast, slik dei vert. Det har mykje å seie for opplevinga av landskapsvernområdet at kyrkjegarden er fint stelt og godt vedlikehalde. Dette har Fortidsminneforeniningen ansvar for. |
| 4 | Veier og annen infrastruktur | II b, Naturmangfaldlova § 48 | Fylkesveg 610 går gjennom området. Vegen skapar utryggheit for dei som ferdast til fots i området, særleg born. Fartsgrensa er 80 km/t, men mange (også det tidlegare tilsynsutvalet) har heilt sidan tidleg på 1980-talet bede om at fartsgrensa vert sett ned til 50 eller 60 km/t, i det minste i sommarhalvåret.<br><br>Det har mange gonger oppstått farlege situasjonar, og særleg når det er stor utfart for å bade i området. Farlege trafikksituasjonar skjer oftast når born og vaksne skal krysse fylkesvegen frå rasteplassen til badestrand ved Hestadfjorden og dersom folk går langs Fv 610. Fartsgrensa bør vurderast, og det bør vurderast å etablere eit gangfelt frå rasteplassen over til stranda ved Hestadfjorden.<br><br>På store utfartsdagar med fint og varmt vêr om sommaren er det ikkje nok P-plassar i nærleiken, og folk parkerer i vegkanten til Fv 610. Opptil 50 bilar i området samstundes er observert, og mange er då parkert langs Fv 610. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | Den største P-plassen i området er ved Hestadgrend bedehus og tek inntil 15 bilar. lille P-plassen sør i området og som gjeld for kapellet, er for lita til å når det er arrangement i kapellet. Ved gudsteneste og andre arrangement i kapellet Nyttar folk P-plassen ved Hestadgrend bedehus. Dei fleste går då gangvegane til kapellet, medan uheldig nok er det gjerne nokre som følgjer Fv 610. Den lille P-plassen i sør ved kapellet er berre eigna for bruk for av- og påstiging, og når det er enkeltbesøk til kyrkjegarden, også fordi han ikkje er særleg oversiktleg. Det bør ikkje vere parkering over natta på P-plassen ved bedehuset.<br><br>Også av omsyn til ferdsel ved Hestad kapell bør fartsgrensa setjast ned gjennom området. I tillegg passerer Fv 610 i ein avstand på knappe 7 meter frå inngangsdøra til kapellet (og 2 meter frå graver), som er i bruk heile året, men mest i sommarhalvåret. At trafikken på Fv 610 kjem i stor fart, uroar opplevinga av kapellet og på kyrkjegarden i unødig stor grad, i tillegg til at det uroar opplevinga av naturen i landskapsvernområdet. Både landskapsvernområde og kapell er som spesielle verneombjekt stader der ein fylkesveg med biltrafikk trafikk er framandelement og bør dempast mest mogleg. Det same gjeld kraftlinja på 22 kV som var bygd då Hestad landskapsvernområde vart oppretta i 1971.<br><br>Ideelt sett bør både Fv 610 og 22 kV kraftleidning leggjast utanom landskapsvernområdet ved høve. |
| 5 | Reiseliv | Naturmangfaldlova § 48 | Etableringa av Nasjonal Turistveg sin rasteplass er det viktigaste reiselivstiltaket i landskapsvernområdet. Den fint og moderne utforma rasteplassen har gjort at det er fleire bilturistar som stoppar i området, og mange er interesserte i å oppsøke Hestad kapell. Den aukande turismen vil påverke verneverdiane i landskapsvernområdet. Det er ikkje ønskjeleg med overnatting i området. Særleg har overnatting i bubilar auka etter etableringa av Nasjonal Turistveg sin rasteplass, og då på P-plassen ved bedehuset. Etableringa av toalettet på rasteplassen er viktig for å unngå avfallsproblem.<br><br>Sidan det berre er ein mindre og ikkje godt synleg parkeringsplass ved kapellet, går dei fleste, heldigvis, frå parkeringa ved Hestadgrend bedehus til kapellet. Det er viktig å leie ferdsla til kapellet og kyrkjegarden |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | til gangvegane i landskapsvernområdet, slik at ferdsla ikkje skjer langs Fv 610.<br><br>Det er eit mål at både fastbuande og tilreisande skal kunne bruke området på ein berekraftig måte, dvs. slik at verneverdiane vert ivaretekne. Bruken av området på nivået ein har i dag er etter forvaltningsstyresmakta sitt syn ikkje i konflikt med verneverdiane. Det gjeld både arrangement i kapellet og ved bruk av rasteplassen i nord. Etablering av rasteplassen til Nasjonal Turistveg har betre forholda, m.a. når det gjeld toalett. Bruken av området, også lokalt, har auka etter etableringa av rasteplassen til Nasjonal turistveg. At P-plassen ved Hestadgrend bedehus er noko utvida dei siste åra (frå ca. 8 til 15 P-plassar), har også gjort forholda betre, men utan å dekkje behovet når utfarten er svært stor. Parkering i vegkanten på FV610 er ikkje ønskjeleg og heller ikkje akseptabelt av omsyn til både vegetasjonen i landskapsvernområdet og av omsyn til trafikktryggleiken.<br><br>Det er viktig å følgje med på utviklinga av turistane sin bruk av området og om naudsynt følgje opp med tiltak i samarbeid med Nasjonale turistvegar og Hestadgrend bedehus. |
| 7 | Annet | II d, naturmangfaldlova § 48 | **Skjøtsel**<br>Statsforvaltaren vil leggje vekt på og følgje opp tilrådingane frå Miljøfaglig Utredning som vert gjeve i kap. 3.1 Forvaltningsutfordringer i rapport MU2024-5, som er vedlegg til forvaltningsplanen. Det gjeld<br><br>• overvaking av dei framande artane blåhegg (SE) og gravbergknapp (SE) som finst rundt kyrkjegarden<br>• gjengroing av våteng sør for rasteplassen i nord som har ein verdi for våtmarksfugl og insekt. Slått eller beiting kan vere aktuelt<br><br>Sand- og grusområde vert tilrådd å liggje i fred. Fjerning av kvist og daudt gras er ønskjeleg utfrå ein estetisk synsvinkel som kulturlandskap, men kvist og daudt gras har også ein verdi for insekt og naturmangfald, slik at dette vert ei avveging. Kyrkjegarden er godt skjøtta, og Miljøfaglig Utredning tilrår at plenen ikkje vert gjødsla og at ein er restriktiv med framande artar på kyrkjegarden. Skogsmiljøet kan vere verdfullt for marklevande sopp, og det er biologisk sett ønskjeleg med mange gamle tre, både ståande og liggjande daude tre, |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | noko som også må vurderast opp mot at Hestad er eit kulturlandskapsområde der landskapsestetikk og tryggleik er viktig og kan vege tyngst (sjå elles kap. 3.1 i rapporten).<br><br>Bjørkelunden i nord kring rasteplassen er eit fint kulturlandskapselement som gjev området særpreg. Levealderen for bjørk ligg på maks kring 150 år. For at bjørkelunden skal vere intakt i framtida, må den skjøttast. Dersom bjørketre ved rasteplassen byrjar å skrante, vil det vere viktig skjøtsel å sjå til at det veks opp nye bjørketre, og at ein fjernar bjørketre som er i ferd med å døy.<br><br>Annan vegetasjon skal få vekse naturleg, men kratt(skog) skal ikkje få dominere og ta siktlinjene frå kapellet. Dette vil vere ein del av dei årlege skjøtselsoppgåvene.<br><br>Dei framande artane blåhegg og gravbergknapp som finst på og ved kyrkjegarden, må overvakast slik at dei ikkje spreier seg.<br><br>Statsforvaltaren har eit godt samarbeid med Hestadgrend grendelag om skjøtsel i landskapsvernområdet, og vil følgje opp med årlege midlar til dette viktige arbeidet. Fortidsminneforeningen steller kyrkjegarden og gjer eit viktig arbeid for å ta vare på verdiane her.<br><br>Årlege skjøtselsoppgåver<br><br>Stell av kyrkjegarden inkludert steinmurar. Ansvar Fortidsminneforeningen<br><br>Vedlikehald av Hestad kapell. Ansvar Fortidsminneforeningen<br><br>Rydding av strendene for drivved og avfall: Ansvar Statsforvaltaren, Statens naturopppsyn i samarbeid med Hestadgrend grendadlag (midlar frå Statsforvaltaren)<br><br>Stell og rydding av gangvegar: Statsforvaltaren, Statens naturoppsyn i samarbeid med Hestadgrend grendalag<br><br>Tilsyn, stell og vedlikehald av Nasjonal Turistveg sin rasteplass inkludert toalett: Statens vegvesen i samarbeid med Vestland fylkeskommune sin vegadministrasjon |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | Informasjonsskilt/tavler: Statens vegvesen for Nasjonal turistveg sin informasjon, og Statsforvaltaren i Vestland og Statens naturoppsyn for andre infoskilt og om Hestad landskapsvernområde.<br><br>Stell og tiltak langs Fv 610 inkludert vegkantar og vegmurar: Statens vegvesen i samarbeid med Vestland fylkeskommune sin vegadministrasjon<br><br><br>**Avfall og drivved**<br>Store sesongendringar i vasstand fører til at drivved og anna avfall legg seg på strendene. Dette kan hope seg opp og øydeleggje opplevinga av landskapsvernområdet. Når det er store mengder med drivved og avfall, kan det hindre naturleg vegetasjon i området, og også gjere det vanskelegare å ferdast i området. Det er viktig å rydde strandområda minst ein gong i året, og i tillegg etter at det har vore flaum i Gaularvassdraget.<br><br>Når kratt langs gangvegane må fjernast, noko som skjer årleg, må dette fjernast. År om anna har krattet blitt brent på den etablerte bålplassen nordaust i området, elles har det vore køyrt bort. Av omsyn til brannfaren bør slikt avfall køyrast bort og ikkje brennast. Dette vert gjort av Hestadgrend grendalag etter avtale med og midlar frå Statsforvaltaren i Vestland.<br><br>**Toalett**<br>At Nasjonal Turistveg etablerte eit toalett i området i 2019 har løyst eit viktig avfallsproblem. Toalettet vert drifta av Nasjonal turistveg v/ Statens vegvesen/Vestland fylkeskommune vegadministrasjonen. Toalettet er stengt frå 1. oktober til 1. april, elles ope.<br><br><br>**Erosjon**<br>Strandsona er utsett for erosjon. Det gjeld både ved flaum i Gaularvassdraget, og at det kan oppstå dersom det vert for mykje trakk her. Det er viktig at Hestadgrend grendalag med folk som bur i området følgjer med på dette, saman med Statens naturoppsyn, slik at naudsynt reparasjon kan bli gjort. Ved store skader vil må Statsforvaltaren i Vestland som forvaltningsstyresmakt vurdere om reparasjon kan gjerast som forvaltningstiltak eller om det krevst dispensasjon i medhald av verneforskrifta. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | **Arrangement**<br>Arrangement i Hestad landskapsvernområde er tillate så lenge dette ikkje går utover verneverdiane.<br><br>Hestad kapell har 3-4 faste gudstenester for året, i tillegg gravferder for grenda her og vigslar. Her er vanlegvis eit par konsertar for året, og i sommarhalvåret er det populært å halde bryllaup her. Kapellet er ope for omvising ein månads tid om sommaren, og elles etter avtale. Nærare bedehuset er der mange arrangement, m. a. 17.mai, jonsok- og olsokfeiring, aurefiskefest m.m.<br><br>Statsforvaltaren har ikkje registrert uheldig påverknad frå arrangement i landskapsvernområdet, og meiner desse kan halde fram som før.<br><br>**Landingsrett for båt og naustrett**<br>Grunneigaren av gnr/bnr 150/3 har rett til å ha ein båt (robåt) liggjande på stranda ved Vikjavatnet, I 2023 har det vore ein robåt ca. 13 fot lang. Båten ligg på ein rimeleg skjerma stad langs gangvegen på austsida (ved Viksdalsvatnet). Eigaren av gnr/bnr 150/3 har også rett til å setje opp eit båtnaust i landskapsvernområdet.<br><br>Eit naust kan føre til bygningsmessig konkurranse og konflikt med det gamle kapellet, og føre til meir slitasje på vegetasjonen i området. Det er viktig at plassering av eit båtnaust skjer på ein stad der påverknaden på kapellet er minst mogleg, og at naustet vert så lite som praktisk mogleg, samstundes som form og materialbruk gjer at naustet visast lite att i landskapet.<br><br>I skjøtselsplanen frå 1979 vert det frårådd at det vert bygd eit naust i landskapsvernområdet, fordi det vil kunne kome i konflikt med Hestad kapell som kulturminne. Her er likevel antyda at ei plassering lengst i sør kan vere mogleg ved dempa storleik og materialbruk. På synfaring i mars 2023 saman med grunneigar såg vi på plassering der båten ligg i opplag om sommaren, som er litt lenger nord, om lag midt mellom Hestad kapell og rasteplassen til Nasjonal turistveg. Dei to lokalitetane bør vurderast grundig før ein tek ei avgjerd om plassering ved ein eventuell søknad.<br><br>**Informasjon**<br>Nasjonal turistveg har laga informasjon om Hestad landskapsvernområde som står ved rasteplassen, og |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | om Hestad kapell som står ved kapellet. Her er designet til Nasjonal Turistveg brukt. Det kan vere behov for meir informasjon om landskapsvernområdet. Det står to informasjonstavler ved rasteplassen, den eine ein gamal plakat om landskapsvernområdet, den andre med informasjon om fiskekort m.m.. Informasjonen her på desse to tavlene bør gåast gjennom for å gjere ho betre og samlast på ei tavle i tråd med Miljødirektoratet si merkevare for informasjon om vernområde.<br><br><br>**Hestadgrend bedehus** (utanfor landskapsvernområdet)<br><br>Bedehuset som vart opna i 1974, ligg på oppfylte massar nordvest for og utanfor landskapsvernområdet. Her er det P-plass også for dei som besøker landskapsvernområdet.<br><br>Planlegging av Hestadgrend bedehus starta i 1967, dvs før landskapsvernområdet var planlagt og vedteke. Fyllinga det ligg på, gjer at anlegget verkar noko framandt i høve til landskapsvernområdet. Kanskje det kan vere aktuelt å plante buskgrupper av stadeigne vierartar og selje på i skråninga til fyllinga som bedehuset ligg på? Det er viktig at vegetasjonen ikkje vert samanhengjande, og heller ikkje høgare enn 3-4 meter.<br><br>**Visuell påverknad frå utanfor landskapsvernområdet**<br>Hestad landskapsvernområde er lite. Nye inngrep og anlegg i nærleiken av området kan ha stor visuell påverknad på natur- og kulturverdiane her, noko Sunnfjord kommune og Statsforvaltaren bør vere merksame på<br>. |

## Tilleggsopplysningar

### Oppsyn

Statens naturoppsyn står for oppsynet i Hestad landskapsvernområde. Dei har og eit samarbeid med Hestadgrend Grendalag. Statsforvaltaren meiner oppsynet fungerer rimeleg godt med dei ordningane ein har i landskapsvernområdet pr. i dag.

## Kunnskapsgrunnlag

| Forfattar | År | Tittel | Utgjevar | Kopling |
|---|---|---|---|---|
| Anker Ryhl og Ingvild Austad | 1979 | Skjøtselsplan for Hestad landskapsverno område | Tilsynsutvalet for Hestad landskapsvernområde og Miljøverndepartementet | |
| Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | 1984 | Hestad landskapsverno område (brosjyre) | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | |
| Jan Anders Timberlid | | Hestad kapell | Vestland fylkeskommune - Kulturhistorisk leksikon (Fylkesarkivet.no) | https://leksikon.fylkesarkivet.no/article/10f12eb8-3bf3-4914-90b6-0e7e3f738adb/ |

# Vedlegg

### Filvedlegg

| Type | Lagt til | Tema | Eksternt opphav | Internt opphav | Størrelse |
|---|---|---|---|---|---|
| | 12.02.2024 | NiN Basiskartlegging av Hestad LVO i Sunnfjord 2023 | Miljøfaglig Utredning | | 2433 Kb |
| | 19.02.2024 | Fotovedlegg til framlegg til forvaltningsplan | | Statsforvaltaren i Vestland | 5467 Kb |
| | 19.02.2024 | Verneforskrift Hestad landskapsvernområde og naturmangfaldlov § 48 | | Statsforvaltaren i Vestland | 102 Kb |

### Kartvedlegg

| Type | Lagt til | Tema | Eksternt opphav | Internt opphav | Størrelse |
|---|---|---|---|---|---|
| | 12.02.2024 | Hestad landskapsvernområde - framlegg til grenser på høyring 12.02.2024 | | Statsforvaltaren i Vestland | 970 Kb |


Hestad landskapsvernområde
Sunnfjord kommune, Vestland fylke
Framlegg til grense
for verneområdet
Målestokk = 1 : 2 000
Ekvidistanse: 1 meter
WGS 84, UTM sone 33
Kartgrunnlag: FKB
Kartverket, Geovekst og kommunane
N
0
25
50 m
Kartproduksjon: Fylkesmannen i Vestland
Øyratangen
Viksdalsvatnet
Hestad
kapell
Kirkelisund
6803500.000000
336000.000000